



Åslaug Krogsæter  
Kommunedirektør

# - For at vi skal trivast og kunne gjere ein god jobb!



10-faktorundersøking

## Kva skjer?

Vi skal i haust gjennomføre den medarbeidarorienterte undersøkinga KS 10-FAKTOR.

## Når?

1. oktober – 31. oktober 2021.

## Korleis?

Invasjonen vert sendt til di kommunale e-post-adresse. Undersøkinga vert gjennomført på internett og tek ca. 15 minutt, og du kan svare heime eller på arbeid. Det vert tilrettelagt på arbeidsplassane med pc og tid til gjennomføring. For spørsmål ta kontakt med din næraste leiar.

## ● Kvifor?

10-FAKTOR er eit verktøy som skal hjelpe oss å utvikle og styrkje arbeidsmiljøet vårt og kvaliteten på tenestene våre.

## Kva vert målt?

10-FAKTOR måler korleis medarbeidarane opplever viktige tilhøve på arbeidsplassen, og medarbeidarane si haldning til eigen jobb.

## OM UNDERSØKINGA

### Forskningsbasert:

Undersøkinga byggjer på forskning om kva faktorar som er viktige for å ha eit godt arbeidsmiljø, og som medverkar til at vi leverer gode tenester til innbyggjarane våre.

### Fokusert og avgrensa:

Undersøkinga er avgrensa til 10 faktorar som er viktige for kvaliteten på tenestene og arbeidsmiljøet.

### Utviklingsverktøy:

Undersøkinga er både medarbeidar- og leiingsorientert. Den fangar opp viktige faktorar for medarbeidarane, grupper, organisasjonen og leiarnivåa. Den skal bidra til å utvikle leiarar, medarbeidarar og organisasjonen.

## ANONYMITET

Undersøkinga er anonym og godkjent av Datatilsynet. Ingen har tilgang til enkeltsvar. Rapportar med kjønn, alder og utdanningsnivå kan berre takast ut på kommunenivå, ikkje på einingsnivå. Det er ikkje mogleg å ta ut rapport dersom eininga/avdelinga har færre enn 3 svar.

## Kva skjer etterpå?

I løpet av november 2021 vil leiaren din presentere resultatata for di eining/avdeling.

Leiarar og medarbeidarar i kvar eining/avdeling kan saman påverke faktorane. De skal velge 2 faktorar de vil jobbe for å forbetre og 2 de vil vedlikehalde. Saman lagar de ein handlingsplan for å nå måla de sett dykk.

Handlingsplanane skal integrerast i einingane sine verksemdsplanar for 2022. Det vert planlagt ei sak frå HMS-gruppa til AMU (Arbeidsmiljøutvalet) og ADMU (Administrasjonsutvalet) i 2022.

### Indre motivasjon

Motivasjon for oppgåva i seg sjølv

### Meistringstru

Tiltru til seg sjølv og eigen evne til å meistre jobben

### Autonomi

Opplevd tillit til å jobbe sjølvstendig

### Bruk av kompetanse

Opplever å få relevante oppgåver og utfordringar i samsvar med eigen kompetanse

### Meistringorientert leiing

Leiing med vekt på å gjere medarbeidarane best mogleg ut frå sine føresetnader

### Rolleklarheit

Medarbeidarane si rolle er godt definert og kommunisert

### Relevant kompetanseutvikling

Høve til relevant kompetanseutvikling

### Fleksibilitetsvilje

Vilje til å vere fleksibel på jobb og måten å jobbe på.

### Meistringsklima

Kultur for å samarbeide, lære og gjere kvarandre gode

### Prososial motivasjon

Ønskje om å vere til nytte for andre

